



## Notat

Dato: 03.02.2017  
Arkivsak: 2016/34568-2  
Saksbehandlar: gerytr

---

Til: Fylkesutvalet  
Fylkestinget

---

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Tillegg til referatsak 3/17 i OPHE 10.01.17 vedk. nynorske lærebøker i vaksenopplæringa

Fylkesrådmannen viser til møteprotokoll fra møtet i OPHE 10.01.17, referatsak 3/17: «Brev frå Odda kommune vedk. krav om nynorske lærebøker», der Emil Gadolin sette fram følgjande framlegg:

*«Ber administrasjonen kartlegge behovet og status for tilgang til læremidler på nynorsk for den aktuelle gruppen og erfaringer fra andre fylker. Dette skal følge saken frem mot fylkesutvalet og fylkestinget.»*

Krav til læremiddel på nynorsk er regulert i opplæringslova § 9-4 og kapittel 17 i forskrift til opplæringslova. Det er eit krav i opplæringslova at alle bøker i andre fag enn norsk skal ligge føre på bokmål og nynorsk til same tid og pris. Læreverka i norsk er ikkje underlagt same krav, og grunngjevinga for dette er at læreverka skal ivareta særtrekka ved målformene. Den lovbestemte retten til læremiddel på eiga målform gjeld berre for elevar. Opplæring som er særskilt tilrettelagt for vaksne, er regulert i kapittel 4a i opplæringslova. Andre delar av opplæringslova med tilhøyrande forskrifter gjeld berre dersom dette er spesifisert.

Dei aller fleste læreverka i norsk som andre-språk er utgitt på bokmål, men det finst fleire alternative læreverk på nynorsk. Nynorsksenteret har utarbeidd ei liste over bøker og nettressursar som er tilgjengelege på nynorsk for dei ulike trinna. Her finn ein også oversikt over læreverk som er meint for vaksenopplæringa (<http://www.nynorsksenteret.no/nyn/ressursbase-forskulen/minoritetsspråklege/minoritetsspraklege&PHPSESSID=3o83gofjuobr7gd9go4joe4ru4>).

Etter ei kartlegging av læremiddel som blir brukt i vaksenopplæringa i Hordland, kjem det fram at bøker på nynorsk ikkje blir etterspurt sjølv om bøkene er tilgjengelege. Bokmål er den dominerande målforma i norskundervisninga, og der vert det brukt bøker som er utgitt på bokmål. I andre fag er bøkene tilgjengelege både på nynorsk og bokmål, og det er opp til den einiske å velje målform.

Når det gjeld Sogn & Fjordane og Møre & Romsdal, viser kartlegginga at hovudmålet er nynorsk og at bøkene i språkopplæringa alltid er på nynorsk. Dei aller fleste elevane har hatt nynorsk på opplæringssenteret, og til dømes har Årdal kommune fatta eit vedtak om at all norskopplæring av elevar med minoritetsbakgrunn skal vere på nynorsk. Tanken er då at desse elevane vil halde fram med nynorsk i vidare opplæring.

Fylkesrådmannen meiner det er viktig at dei som buset seg i område der nynorsk er den dominerande målforma, får tilbod om undervisning og læremiddel på nynorsk. Når talemålet i området ligg nær nynorsk,

kan det å lære å lese og skrive på bokmål gjere språkopplæringa meir krevjande. Det er i dag rimeleg god tilgang på nynorske læreverk som kan nyttast i opplæringa.

Fylkesrådmannen meiner at låg etterspurnad og liten bruk er meir kritisk enn manglar ved lovverket med tanke på å kunne sikre tilgang på nynorske læremiddel for vaksne.